

NVE – Konesjonsavdelingen

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

Bergen 5 november 2018

Uttale vedrørande BioFish AS sin søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet i Kvam Herad, Hordaland – høyring

Me viser til NVE sitt brev datert 25.09.2018 og søknad om forlenging av mellombels konsesjon frå Biofish AS datert 11.09.2018.

Her søker Biofish AS om forlenging av eksisterande løyve:

- Uttak av 5 m³/min. frå Eidesvatnet
- Regulering av Eidesvatnet med 0,75 meter mellom HRV=33 m.o.h. og LRV= 32,25 m.o.h.
- Slepp av minstevassføring på 0,017 m³/s i perioden 1. nov til 31. august
- Slepp av minstevassføring på 0,03 m³/s i perioden 1. september-31.oktober

Søknaden til BioFish framstår som grundig gjennomarbeidd. Me ser positivt på at BioFish er villig til å gjeninnføra elveperlemuslingen og forbetra miljøforholda i Ljoneselva.

Likevel vil me kommentera at setjefiskanlegget på denne lokaliteten har ein historikk med gjentekne brot på gjeldande konsesjonsvilkår. Årsaka til dette er truleg at vassressurslokaliteten i periodar har for lite vatn. Ved tørre periodar kan dette då medføra brot på konsesjonsvilkåra. Også ved utfordringar i drifta kan ein tenkja seg at det kan bli for knapt med vatn til anlegget. Her kan me nemna at hausten 2015 fekk Green Salar AS, som det andre setjefiskanlegget i Noreg, lovbrotsgebyr frå NVE på denne lokaliteten for brot på konsesjonsvilkåra.

Brota på gjeldande konsesjonsvilkår frå NVE, som me som grunneigarar har påpeika tidligare gjeld tidlegare eigarar av lokaliteten. Me viser her til «Merknad vedrørande søknad om utviding av setjefiskkonsesjon» datert 23.07.03. Også i «Merknad vedrørande søknad om konsesjon for Ljonesfisk AS datert 27.02.08 påpeika me brot på konsesjonsvilkåra fra NVE.

Konsesjon vart likevel gjeven i 2009, men kun midlertidig og med vilkår om dokumentasjon av minstevassføring:

«Dersom Eidesvatnet er på laveste regulerte vannstand og tilsiget mindre enn kravet til minstevannføring skal hele tilsiget slippes som minstevannføring. Ved utløpet av Eidesvatnet skal det etableres måleanordning for registrering av minstevannføring. Dataene skal forelegges NVE på forespørsel. Det skal installeres vannmåler for dokumentasjon av vannforbruket i settefiskanlegget».

Konsesjonsvilkåra ved denne lokaliteten vart likevel igjen brotne.

Hausten 2015 fekk Green Salar AS som det andre setjefiskanlegget i Noreg lovbrotsgebyr frå NVE.

Sitat frå Meldinga frå NVE:

«NVE ilegg Green Salar AS i Kvam herad eit lovbrotsgebyr på 3 750 000 kroner for brot på konsesjonen til å regulere Eidesvatn og brot på forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga. Brota skjedde hausten 2015.

- Selskapet har ikkje slept den minste vassføringa dei er palagt, og som er nødvendig for å oppretthalde økosystemet i, og langs, vassdraget. I tillegg har selskapet ikkje dokumentert at dei har etterlevd kravet om slepp av minste vassføring, seier seksjonssjef Øyvind Leirset i NVEs miljøtilsyn.

Eidesvatn er nytta som vasskjelde til Green Salar AS sitt settefiskanlegg på Ljones. Selskapet hadde lov til å regulere innsjøen 75 centimeter, men senka den ytterlegare 69 centimeter under dette».

Dokumentasjon av dei hydrologiske forholda ved Eidesvatnet viser at i perioden 1980-2017 var det 3 periodar med for lite vatn i forhold til det omsøkte forbruket på m³/min. Året 2015 var, ifylgje den hydrologiske undersøkinga våtaste året i referanseperioden 1980-2017. Ein kan tenkja seg at meir ekstremvær, også med lengre tørkeperiodar i framtida vil forverra dette. Uttak av 5 m³/min er såleis for høgt i tørre år til å oppretthalda LRV på 32,25 moh.

På trass av ein tørr vår og sommar 2018, kjenner me ikkje til at det har vore problem med konsesjonsvilkåra, men i denne perioden har det så vidt me forstår vore ombygging av deler av anlegget med fjerning av dei store kara, og difor mindre fisk i anlegget enn i eit normalår.

Alternative vasskjelder

Biofish gjev ikkje informasjon om moglege alternative ferskvasskjelder ved for lite vatn. Spørsmålet er då om tillete vassforbruk bør setjast lågare. Søknaden er uklar når det gjeld kva vannforbruk som trengs til anlegget. Omsøkt mengde er på 5 m³/min kvar mnd. I fylgje BioFish kan vassforbruket reduserast pga RAS teknologi og delvis erstatning av ferskvatn med sjøvatn. Dette vil me då forstå slik at det ikkje er behov for 5 m³/m og vil difor foreslå at tillete vannforbruk vert sett lågare.

Omsøkt produksjon

Der er uklart kva produksjon og vannforbruk ein på sikt vil ha i anlegget. Kap. 2.3 beskriv produksjon og vannforbruk som ikkje samsvarar med gjeldande oppdrettskonsesjonar. P.t har BioFish AS konsesjon på oppdrett av 1.5 mill setjefisk. HKM0012.

BioFish har også søkt om utviklingstillatelse fra Fiskeridirektoratet: Biomerden" semilukket anlegg med lus- og rømmingsfritt, omsøkt 4 tillatelser (3120 tonn). Denne søknaden fekk BioFish imidlertid avslag på 01.06.2018.


Utover denne avslåtte søknaden kjenner me ikkje til at BioFish AS har søkt om ytterlegare auke i produksjonen. Til trass for dette skriv dei i kap 2.3.1 at «Ferdig utbygd vil anlegget ha en årlig produksjon av 5. mill smolt med klekking og startforing og påvekst»

Kap 2.3.2 viser og til «Det nye postsmoltanlegget». Vassforbruk til dette anlegget åleine er estimert til 5 m³/min. Desse tala har me vanskeleg for å forstå. Kjem dette vassforbruket i tillegg til vassforbruket i setjefiskanlegget? Beskrivelsen av produksjon og vassforbruk framstår difor for oss som uklar. Med tanke på estimerte arbeidsplassar i lokalsamfunnet høyrer det positivt ut med eit anslag på 25 faste arbeidsplassar (Kap. 3.14). Men det må påpeikast at dette føreset at alle utbyggingstrinna vert realisert.

Konklusjon

Konsesjon bør bli gjeve basert på gjeldande konsesjon på 1.5 mill. setjefisk. Tillete vassuttak bør tilpassast produksjon av 1,5 mill. setjefisk og ny RAS-teknologi. Med omsyn til historikken som setjefiskanlegget i Ljonesvågen har hatt, med gjentekne brot på konsesjonsvilkåra, som har ført til store ulemper for både grunneigarar og økosystemet i elva, så vil me rå til at forlenga konsesjon vert gjeve for ein avgrensa periode, slik at drift innanfor gitt konsesjon kan visa seg drivverdig før eventuelt varig løyve vert gjeve.

Med helsing



Grunneigar på Hjartnes, gnr. 99, bnr. 2

Lars Øyvind Birkenes og Hilde Hushagen

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland

Kvam herad

Naturvernforbundet i Kvam